

Vil stengje vegen i protest

Det bryggjar opp til bråk om Skyttarvegen. Bø Tråvlag varslar no stenging av vegen dersom ikkje kommunen gjev dei erstatning for veg og parkering.

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no – tlf 906 38 453

Bø kommune har under arbeid ein ny reguleringsplan for Nordbøåsen i samband med etablering av idretts- og friluftsanlegg som omfattar områda rundt lysløypa, skyttarbana og tråvbana.

Bø kommune ønskjer vederlagsfritt å overta vegen fram til tråvbana (Skyttarvegen) og eit område ved tråvbana til parke-ring.

Møte om veg

Bø Tråvlag eig den 400-500 meter lange vegen inn til tråvbana, medan fleire grunneigarar og skyttarlaget har bruksrett.

– Me har stått for både oppar-beiding og vedlikehald av vegen i 20 år, og har lagt ned store ressur-sar, seier formann i Bø Tråvlag, Kjetil Hynne.

Vegen er regulert til offentleg veg i forslag til ny regulerings-plan for Nordbøåsen. Hynne viser til at han i slutten av novem-ber blei kalla inn til møte med kom-munen der tema var kom-munal overtaking av vegen. Bø kom-mune ønskjer å overta vegen vederlagsfritt mot at kommunen tek ansvar for vedlikehaldet.

– Eg hadde verken mandat eller vilje til å godta dette i møtet, seier Hynne, og krevde i staden at Bø kommune skal kjøpe grunn til veg og parkering og erstatte kost-nadane tråvlaget har hatt ved opparbeiding av vegen.

Fastlåst

Bø kommune stilte ifølgje Hynne med både rådmann, einingsleiar på teknisk etat og arealplanleggar



Varslar restriksjonar for bruk av Skyttarvegen: Per Arntzen (t.v.) og Kjetil Hynne frå Bø Tråvlag symboliserer «stenging» av Skyttarvegen for grupper og lag som ikkje har bruksrett. Lars Håkonsen og Ralph Høksaas (t.h.), som representerer skiskyttar- og langrennsmiljøet, viser med gravereidskapa at dei er ivrige etter å kome i gang med bygging av idrettsanlegget i Nordbøåsen.

til møtet.

I møtereferatet definerer areal-planleggaren at «situasjonen er fastlåst», og varslar Bø idrettsråd om saka. Kommunen konkluderer med at tråvlaget skal legge fram eit konkret krav til kom-munen.

Bø Tråvlag har på si side ori-entert Bø Idrettsråd, og viser til at trass i fleire innspel til idrettsrådet har ingen ting skjedd i vega-ska.

– Me er enda lågare prioritert enn me frykta, uttalar tråvlaget i brevet.

Stengjer vegen

Tråvlaget er klokkekla på at det ikkje vil gje frå seg vegen veder-

lagsfritt.

– Det finst ikkje eit dugnadslag i dag som vil gje frå seg areal gratis til kommunen, seier sekretær i Bø Tråvlag, Per Arntzen.

Han legg til at Bø Tråvlag ikkje ser annan utveg enn å stenge vegen og parkeringsplas-sen for andre enn dei som har bruksrett.

– Frå 1. januar innfører me køyrerestriksjonar for grupper og lag som ikkje har rett til å køre på vegen. Stenginga vil bli skilta og konsekvensane for bruk av privat veg og parkering vil bli kunngjort, seier Per Arntzen i brevs form til Bø Idrettsråd.

Bø Tråvlag ber også idrettsrå-det orientere lag og organisasjо-

nar om beslutninga.

– Me kan ikkje akseptere at andre brukargrupper berre skal kome til «dekka bord» og ta i bruk veg og område etter at tråvlaget har opparbeidd og kjøpt vegen for midlar som er skaffa ved dugnadsarbei-de, slår Hynne fast.

Vil forhandle

Tråvlaget held imidlertid døra på gløtt og ber om møte med for-handlingsutvalet i kommunen.

– Me er ikkje einige med kom-munen om at situasjonen er fast-låst, seier Hynne, og håpar å kunne møte kommunen i lokala til Bø Tråvlag på Bø tråbane.

– Om kommunen opprettheld kravet sit set ein i praksis foten

ned for heile utbygginga i Nordbøåsen, seier Hynne, og hevdar at utan einigheit om vegen blir det heller ingen vedte-ken plan og utbygging.

Bø Tråvlag meiner at det etter 20 år er på tide at Bø kommune går inn i Nordbøområdet med både pengar og større engasje-ment. Tråvlaget minner om at dei tidlegare er blitt lova kommunalt vatn og kloakk, som kommunen sidan gjekk tilbake på.

– Me har trua på forhandlingar og ei politisk løysing på dette, seier Kjetil Hynne med eit smil på lur, og håpar dei no får kom-munen i tale.

Får støtte frå laga

Bø Tråvlag får støtte frå brukarar av Nordbøområdet som meiner at vegen må vere et offentleg ansvar.

Lars Håkonsen er styremedlem i ski-skyttergruppa og leiar av prosjekt-gruppa for idretts- og friluftsanlegget på Nordbøåsen, medan Ralph Høksaas er nestleiar i Skarphedin si langrennsgruppe og tilsett ved idretts- og friluftsstudiet ved høgskulen. Dei representerer store brukargrupper av området på Nordbøåsen både slik det ligg i dag og slik det er tenkt med ei utbygging. Begge viser til kor viktig området er for aktivitetane i laga dei

representerer.

– Parkeringsplassen ved tråvbana er eit naturleg utgangspunkt for mange lag sine aktivitetar og som tur-område, seier dei, og meiner kom-munen legg opp til offentleg bruk av området.

Dei stussar derfor begge over at vegen ikkje er i offentleg eige allereie, og viser til at parkeringsplassen er avmerkt både på turkart og offentlege kart.

– Me håpar på ei fornuftig løysing på denne sakna slik at ein sikrar offent-leg tilkomst til området for alle bru-kargrupper i bygda, seier Håkonsen og Høksaas.

– Ein aktiv medspelar

Leiar i Bø Idrettsråd, Augon Eika, håpar saka får ein snarleg løysing og ser på kommunen som ein aktiv medspelar.

Augon Eika seier han er kjent med at Bø Tråvlag lenge har ønskt at kommunen skal ta over vedlikehaldet av Skyttarvegen, sidan vegen i stor grad er i offentleg bruk.

– Einaste løysing slik me ser det er ein offentleg veg. Det er både ønskeleg og nødvendig, seier Eika.

Han er imidlertid ikkje sikker på at ein i dette tilfellet kan samanlikne saker der kom-munen tek over private vegar mot å ta vedlike-haldet.

– I dette tilfellet er det stort sett foreiningar,

skular og institusjonar som brukar vegen, seier Eika.

Han er også oppteken av at framdrifta av planen for anlegget på Nordbøåsen er avhengig av tildeling av spelemidlar.

– Det er viktig at tilkomsten for alle interesser er i orden, seier han, og legg til at idretts-rådet ikkje kan gjere anna enn å oppmode til ei snarleg løysing, og minner om alle ressursane som er lagt ned i planlegging av idretts- og fri-luftsanlegget i Nordbøåsen.

– Eg håpar sterkt på at partane finn ei løy-sing og at kommunen blir ein aktiv medspelar for å få det til, avsluttar Eika.